

# NEGOTIA- NYTT

## MEDLEMSBLAD for NEGOTIA HARDANGER avdeling

Nr. 3 - 17. årg. - desember 2011

Her er dagens  
overskifter

### Nyhende denne gang

- Landsmøte
- Status og helsingar frå klubbane
- Portrettet
- Reisebrev



**Styret i Negotia Hardanger avdeling ynskjer alle medlemmene med familie ei god jul og eit godt nytt år!**



<http://hardanger.negotia.no/>

### KURS VÅR 2012

Kurskatalogen for 2012 er no lagt ut på Negotia sine heimesider.

Dersom du vil ta alle grunnkursane neste halvår, kan du melde deg på:

Trinn 1 på Gardermoen 9. – 11. februar

OBS! Påmeldingsfrist 5. januar!

Trinn 2 på Gardermoen 15. – 17. mars

Trinn 3 på Gardermoen 18. – 20. april

I tillegg vil desse kursa gå i vårsesongen:

Retorikk 2. – 3. februar

Pensjonsordningar 1. – 2. mars

Kommunikasjon i forhandlingar 8. – 9. mars

**Påmelding på Min Side på [www.negotia.no](http://www.negotia.no)**

### ÅRSMØTE

Årsmøte for Hardanger avdeling vert 24. februar 2012 på Handeland Gard på Valen. Saker som skal takast opp må vere styret i hende innan 13. februar.

### DET NYE FORBUNDSSTYRET Etter landsmøtet 2011:

Forbundsleiar

1. nestleiar

2. nestleiar

Inger Lise Rasmussen

Arnfinn Korsmo

Monica Paulsen

Styremedlemmer

Eirik Bornø

Karen Ommundsen

Bjørn André Anderssen

Svein Ivar Johansen

Genevieve Prebensen (Ung-repr.)

Rune Martinsen (ansattes repr.)

Varamedlemmer

1. Jorunn Hildonen

2. Ragnvald Roald

3. Marius Bismo

Marte Gagnås Mikaelsen (Ung-repr.)

Varinder Singh Jaswal (ansattes repr.)

## Landsmøte Gardermoen 17. – 20. november

Region Vest møttest allerede torsdagskvelden for landsmøteforebuingar. Dette har vist seg å vere produktivt, og regionen har kunna stille samkjørte og godt forebudde på landsmøtet. Frå Hardanger avd. var Laila Blokhus og Merete Hersvik delegatar.

På landsmøtet var det premiere for UNG sin nye film. Følg linken for å se den:

<http://www.negotia.no/ung>

Dei har og jobba fram eit nytt uttrykk for UNG, med ny logo og nye hettegensarar. Desse gensarane vil bli seld i Negotia-butikken om ein lita stund. ”Solidaritet går aldri av mote” er det nye slagordet UNG vil bruke i sin profilering framover. UNG hadde mange innsendte saker til dette landsmøtet.

UNG fekk gjennom at regionsmøtene kan velge inntil to varamedlemmer til ungstyret og alle vara har møterett til ung sine styremøter. Landsmøtet gjekk og inn for at ungstyret sine varamedlemmer skal få 600 kr kvar i honorar for dei møtene de stiller på der fastrepresentant også er tilstades. For å kunne følge forbundsledelsen ønskte UNG også å endre si valordning frå to til tre år, dette fekk dei gjennomslag for. UNG-leiar Genevive Prebensen delte ut ein ny UNG-pris. Denne prisen vil bli delt ut til ein utenfor UNGsystemet som har bidratt positivt og hjelpe UNG med arbeidet sitt. I år gjekk den til Stein Sele fra Oslo avdeling

Til behandling låg det føre ein strategiplan som strekkjer seg tre år fram i tid. Hovedmåla i planen er desse: *Medlemsvekst, fleire aktive tillitsvalde, bedre medlemstilbud og effektivisering av administrasjon og leing.*

Når det gjelder vekst er det nedfelt konkret mål om å nå 26.000 medlemmer innan 2015. Forbundet sitt medlemstall ligg i dag på cirka 20.000, så ambisjonane er altså friske. Måla skal nåast gjennom konkrete årlege tiltak. Strategiplanen vil rullere årleg i perioden, og tillate justering av tiltak og mål i tråd med utviklinga.

Det vart vedtatt å flytte ”Stå-på-stipendet” og ”utdanningsstipendet” frå sikringsfondet til driftbudsjettet. Det blir i tillegg ein auke i kontingenten. Landsmøtet fastsette medlemskontingenten for 2012 til 364 kroner per måned for full stilling (273 kr for 75 % stilling og 182 kr for 50 % stilling). Av kontingenten for full stilling vert 4 kroner øymerka oppbygging av sikringsfondet (3 kr for 75 % stilling og 2 kroner for 50 % stilling).

I tillegg vart det bestemt at avdelingene skal yte 2 kroner til sikringsfondet for medlemmer i full stilling (1,50 kr for 75 % stilling og 1 kr for 50 % stilling). Region Vest og LKA stemte mot forslaget om at avdelingane skal yte til sikringsfondet. Hovedgrunnen til det var at dei små avdelingane sin økonomi er pressa og det vil få innvirkning på kor mykje aktivitet desse avdelingane kan gjennomføre. Det vart likevel vedtatt.

Heile forbundsstyret var på val, dette er for å starte den nye valordninga som skal gå i tre års perioder i stadenfor to som det har vore tidlegare. Noko kniving om plassene vart det. Leiartriona vart uforandra.

Sjå side 1 for kven som innehar dei forskjellige posisjonane.

Vala på alle posisjonane gjeld for tre år, unntatt Ung- og tilsette-representantane som ikkje vert vald av landsmøtet.

To resolusjonar vart og sendt ut frå Landsmøtet. ”Bærekraftige arbeidsplasser” og ”Et trygt og moderne arbeidsliv”. Desse kan du lese på nettsida til Negotia.

Som vanlig på Landsmøtet vart det også i år delt ut prisar. Årets tillitsvaldpris gjekk til Håkon Horneland. Han er leiar for 17 medlemmer i klubben ved Wenaas, som driv med arbeidsklær. Då bedrifta varsla omorganisering i fjor høst, tok han initiativet til innmelding i Negotia og etablering av klubb. Hedersprisen gjekk i år til Ottar Råd. Hedersprisen er Negotia si høgaste utmerking. Ottar er leiar i Negotia Tine.

## STATUS OG HELSINGAR FRÅ KLUBBANE

Klubben på Boliden Odda A/S melder om årsmøte blir holdt før utgangen av februar 2012.

Lav aktivitet for tida, er representert i AMU og BU, følger med på P 100 - Programmet som går på sparing, kostkutt og omorganisering.

Klubben vil senda ei julehelsing til alle i Negotia på "Zinken" med ønske om ei fin Jul og eit fredfullt Godt Nyttår, når den tid kjem.

Ei spesiell helsing går til vår nye pensjonist Gerd A. Raanes, med lykke til i den nye tilværelsen!

*Åshild N. Stueland*



Status hos Aker Business Services AS - avd Stord: Vi er fortsatt en del av Aker Solutions konsernet, etter en fisjon i sommer, da Kværner og Aker Solutions ble to separate børsnoterte selskaper. Samtidig skiftet flere Aker selskaper da navn til Kværner, deriblant Aker Stord, altså verftet her. Nå heter de Kværner Stord. Fisjonen har stor sett gått bra, og det kjempes hardt globalt for kontrakter både i Aker Solutions og Kværner. Frem til Eldfisk kommer i full gang utpå nyåret, er det permitteringssituasjoner hos Kværner Stord og personell relatert til denne bedriften, men det ventes å bedre seg fom Mars. Aker Business Services, som leverer tjenester til Aker og Kværner selskapene, har derimot stort sett fullt kjøp for tiden og flere nye selskaper er på vei inn.



I vår klubb har det ikke skjedd så mye siden i sommer, men vi fikk avholdt et medlemsmøte i starten av November. Da var vi samlet på Den Blå Time i Bakeriet Frugård på Leirvik. Vi startet seansen med en oppdatering på hva styret hadde jobbet med inneværende år, alt fra bedriftsamlinger, kurs, lønnsforhandlinger, Regionsmøter etc. Deretter hadde vi åpent forum med ordet fritt. Pizzaer i ulike varianter ble så servert, sammen med noe godt i glasset :) Resten av kvelden gikk med til quiz og sosialt samvær. Det var en veldig koselig kveld og vi håper å kunne ha ytterligere fokus på slike samlinger neste år. Søknad om 3% midler er iallfall sendt inn :)

Vi ser frem til år 2012 og tror det kan bli et spennende og bra år for bedriften og ansatte. Samtidig ønsker jeg på vegne av klubbstyre å sende en varm julehilsen til alle Negotianere og deres familie, og ikke minst et riktig godt nyttår!

*Nils Olav Svarstad*

[Me i Negotia ved HMR ønsker alle ei riktig god jul og eitt godt nyttår.](#)

*Klubbleder Anne Saghaug*



[Klubben ved Kvinnherad Energi AS ønsker alle medlemmer av Negotia ei riktig god jul og eit godt nyttår!](#)

Her på Søral går det mot permitteringer i fra veke 4. Ellers så går det i med det samme.

Vil ønska alle medlemmene våre medlemmer  
God Jul og Eit Godt Nyttår.

*Kjersti S. Andreassen*  
*Sør-Norge Aluminium AS*



Det går mot slutten på et utfordrende år der vi har opplevd mange endringer, som omorganiseringer, nye kollegarar, ny ledelse, utfordrende drøftinger og lønnsforhandlinger. Vi er svært takknemlige for god støtte fra Negotia sentralt.

Vi møter det nye året med flere utfordringer og ny arbeidsplass for noen av oss. Vi på Ølve ser frem til å jobbe tettere med våre kollegaer på Seimsfoss selv om det vil innebære en daglig ferd over Hardangerfjorden.

Så vi hever våre glass for de oppturer og nedturer 2011 har brakt oss, og ønsker alle en riktig God Jul og eit fremgangsrikt 2012.

*Julehelsing frå Negotia-klubben ved  
Umoe Schat-Harding Services AS*

## **PORTRETTE**

Åshild Nordmark Stueland  
BOLIDEN ODDA A/S



**- Kor lenge har du vore organisert i Negotia?**  
Sidan 7.jan. 1992

**- Kva tillitsverv har du (har du hatt)?**  
Styremedl.på Boliden og Hardangeravd. Leiar i klubben, no observatør i Hardangeravd.

**- Kva kjennskap har du til Negotia Ung sitt arbeid ?** Følger med dei, er jo absolutt viktige for rekruttering og framtid.

**- Kva med AFP og pensjon då?** Litt lenge til...? Men har vert på møter og leste meg litt opp på det.

**- Kva slags utdanning har du?** Eg har to fagbrev, som automatikar og faglaborant. Ein god kombi på ein stor og avansert kjemisk bedrift.

**- Kor lenge har du jobba i bedrifta og kva er jobben din?** Eg har nett innkassert gåve for 25 års innsats! No er eg på Teknisk Drift og har ansvar for prøvetakar on-line system og pH app. Som skal gå døgnet rundt...

**- Kvifor har du valt denne retningen innan arbeidslivet?** Litt tilfeldig ...men har alltid likt teknikk og vert nysjerrig på det.

**- Sjef for ein dag på bedrifta, kva ville du ha gjort?** Gått rett og kjøpt ein ny likerettar/trafo, og prøvd og utvida kapasiteten på bruket.

**- Har du ein drøymejobb?** Ja eg er stort sett nøgd med arbeidet, er hektisk, men har greie kollegaer og ein flink sjef, skulle sjølsagt sett at framtida såg litt lysare ut då...

**- Kva gjer du på fritida?** Lagledar i fotballaget til yngste guten, står på slalom i Røldal, Sekretær i vin- klubben "Bærsmakarlaget" , turar i inn- og utland.

## Sykkeltur til Vietnam og Kambodsja 26.10 – 9.11.2011

Når man er bestemor og har fylt 60+++ burde man kanskje hatt hobbyar som strikking, baking og turar i skog og mark! Det hadde besto mi i Austevoll – kanskje ikkje akkurat tur i skog og mark – men ho hadde strikkesøyet med seg når ho bringa og henta kyrene i utmarka! Underteikna og 20 andre personar med same alder og interesse melde oss heller på sykkelstur til Vietnam og Kambodsja! Flyet fra Oslo til Hanoi kom både opp og ned! Nye offroad-syklar med 24 gir og demping venta oss ved hotellet. Demping kom vel med for det var store hol i vegen etter møkje nedbør siste tida. Fyrste dagen sykla me i regnvær – men det var heilt ok for med 35gr haldt me oss varme.



Spennande å sykla gjennom små landsbyar – med tak og vegger av blekkplater og bast! Folk smilte og vinka til dei "rare skapningane" som forbi i lang rekke med hjelm, ponsjo og ryggsekker – sikkert litt av eit syn! Me sykla ca 40 km pr. dag – både på landsbygda og i bakgater gjennom mindre byar. Fekk då oppleva folelivet på kroppen! Lunsj åt me på lokale kafeer eller hadde medbrakt lunsjpakke fra hotellet. Så var det på sykkelsetet eitpar timar til – me hadde avtale med bussen som frakta oss fra hotell til hotell. Me hadde 3 sykkelfrie dagar – då var det båtturar og tempelbesøk som stod på programmet. Ikkje nokon latmannsferie dette – nei! Me tok fly fra Hanoi til Saigon (Ho Chi Min byen) Sightseeing til Gjenforeningspalasset – Notre Dame katedralen og krigsmuseet. Sterke minner om Vietnamkrigen på alle veggene i museet. Fra Saigon bussa me til Mekong Deltaet.

Kjempefint å sykla langs elva. Folk treska ris midt i vegen, me kunne sykla over halmen, men helst svinga utenom risen! (klart det, me åt jo ris kvar dag!).

Fra Chau Doc i Vietnam skulle me ta båt til Phnom Penh i Kambodsja – nye syklar venta på oss der.

Ca halvvegs fekk me motorstopp og måtte slepast til lands – til ein liten landsby der dei nok sikkert ikkje hadde sett store kvite nordiske folk – so dei lurte på kor me kom ifra. Me måtte forklara lenge og vel – heilt til ein i gruppa tok fram eit foto fra hytta si på Kvamskogen – (med snø på taket) då forstod dei at me var langvegsfarande. Etter 3 timar i ein skranglebuss på humpete vegar kom me omsider til Phnom Penh. Sykkelfri resten av dagen! Neste dag busstur til Siem Reap der me skulle sykla i 3 dagar – jippi, kanskje me då kunne hengja opp klær i klesskapet?

Siste dagen skulle me sykle til fjells ca 260 rett opp! Og då klart same metrane ned igjen! Stor utfordring på balansekunsten og arm-musklane for å halda seg utanom alle hola i vegen! Dei fleste sykla opp, nokre få valgte å sitja på med følgebilen. Vel oppe var det å hoppa i elva – kjempe! Lunsjen vart innteken i stråhytter ca 1m over bakken pga regn og søle gjorde det umogelig å sitja på moder jord! Nedoverturen gjekk i hytt og pine – fleire hadde valgt følgebilen – men undertegnede stod løpet og kom "imål" "sjeten" men i fin form.

Kva ville besto sagt om slik oppførsel – akk o ve – og so kom kamferdropsen.



Solveig Tronshaug

1.gangs AFP med reiser som hobby☺